

Innkalling til instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 3. september 2025 kl. 12.15

Stad: Seminarrom 216, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Craig Grocott, Dagmar Haumann, Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden og Sigrid Ørevik.

Frå gruppe B: Alma Oftedal.

Frå gruppe C: Eleni K. Solstad

Frå gruppe D: Tyler Hanssen, Liam Laurene Breian Langø, Mathilde Sanne.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 28. mai 2025

Referatet frå maimøtet vart sendt ut med e-post 3. juni, og det har ikkje kome merknader.

Sak 3 – Orienteringssaker

- A) opptakstala til studia hausten 2025 (sjå vedlegg)
- B) tilsetjingssaker ved instituttet
- C) studieporteføljeprosjektet, inkludert rapport frå task force for styrking av gjennomføring
- D) Arbeidsmiljøoppfølging ved instituttet i 2025
- E) Budsjettnnspel frå instituttet til fakultetet
- F) Status økonomi

Sak 4 – Mandat for programstyre lektorutdanninga

Orientering om prosess fram mot vedtak i neste instituttrådsmøte. Brev til fagkoordinatorane for engelsk, fransk, spansk språk og latinamerikastudium og tysk er lagt ved.

Sak 5 – Instituttkonferansen 2025

Statusoppdatering for arbeidet med konferansen.

Sak 6 – ymse

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

[illegible]

[illegible]

Budsjettframlegg 2026 – innspel frå Institutt for framandspråk

Institutt for framandspråk sender med dette over innspel til budsjettframlegg frå HF for 2026 og for langtidsbudsjett (2027-2031). Oversendinga inkluderer vedlegg som gir uttrykk for forventingar om framtidige resultat, samt dei skriftlege vurderingane til det fakultetet har bedt om innspel på.

Rekrutteringsstillingar

Rekrutteringsstillingar er viktige for den faglege utviklinga på instituttet, særleg i ein periode med få nyrekrutteringar til faste stillingar.

Spørsmålet om rekrutteringsstillingar vart diskutert i instituttrådsmøte 28. mai. Det vart peika på at rekrutteringsstillingar kan vere viktige verkemiddel i arbeidet for å få gjennomslag på søknadar om ekstern finansiering. Det vart dessutan peika på at det kunne vere ønskeleg med opne utlysingar som ein del av den faglege utviklinga ved instituttet som ikkje er kopla opp til eksternfinansiert forskning.

IF hadde i snitt fire disputasar per år i perioden 2019-2024. Vi har ambisjonar om å auke dette talet i tida framover og i IF sin strategi for perioden fram til 2030 er det eit hovudmål å auke talet på ph.d.-prosjekt som vert gjennomførte på normert tid. For å sikre dette har vi hatt ei lokal undersøking om gjennomføring og laga ein handlingsplan for saksfeltet.

Ved IF er vi dessutan opptatte av å sjå rekrutteringsstillingar i lys av satsing på forskargrupper og arbeidet med eksternfinansiert forskning. For det første ser vi aktive forskargrupper som ein faktor i det å sikre god gjennomføring for ph.d.-kandidatane. For det andre opplever vi at ph.d.-stipendiatar og postdoktorar bidrar til å vitalisere og vidareutvikle forskargruppene. Det er altså ein vekselverknad mellom rekrutteringsstillingar og forskargrupper som bidrar til å styrke forskingskulturen ved instituttet. I ein periode med utfordrande økonomi og svært avgrensa lokale midlar til forskingsføremål, spelar rekrutteringsstillingar ei ekstra stor rolle for insentiv for prosjektinitiativ, vidare strategisk planlegging og kontinuerleg fagleg arbeid i forskargruppene.

Denne vekselverknaden er viktig for å oppnå det andre viktige hovudmålet i vår strategi – å auke omfanget av eksternfinansiert forskning. I dette arbeidet kan rekrutteringsstillingar vere ein viktig innsatsfaktor. I nokre samanhengar vil det vere viktig å leggje inn ei rekrutteringsstilling i ein prosjektsøknad til å gjere den konkurransedyktig, i andre samanhengar kan det vere viktig å prioritere stipendiatar til forskarar som har ambisjonar om å søke eksternfinansiering, for å styrke CV-en deira.

IF ser difor at vi har eit behov for seks rekrutteringsstillingar i 2026.

Food studies/japansk: Forskargruppa Food studies er nyoppretta, men med tydelege ambisjonar for søknad om ekstern finansiering, frå NFR i første omgang med òg tydelege ambisjonar om ERC på sikt. Ei ph.d.-stilling kunne styrke dette arbeidet og samstundes styrke førsteamanuensis Nathan Hopson sin veg fram mot eit opprykk til professor. Ei ph.d.-stilling på dette prosjektet ville og kunne dra god nytte av fagmiljøet på det NFR-finansierte DARKLAX-prosjektet. Japansk har nyleg starta eit masterprogram og ei ph.d.-stilling vil styrke forskingsprofilen til fagmiljøet.

Kinesisk/Literature&Religion: Professor Helen Zhang jobbar med eit tverrfagleg prosjekt om kinesiske filosofar sin påverknad på vestlege vitenskapsmenn, frå NFR i første omgang med òg tydelege ambisjonar om ERC på sikt. Ei postdoktorstilling knytta til dette prosjektet ville styrke søknadsutvikling og prosjektgjennomføring i stor grad. Det vil og vere strategisk viktig for å styrke Zhang sin forskarprofil. Prosjektet er tverrfagleg. Det har god nytte av støtte frå ulike forskargrupper på instituttet, men er sterkest kopla til Literature&Religion. Kinesisk har nyleg starta eit masterprogram og ei postdoktorstilling vil styrke forskingsprofilen til fagmiljøet.

LINGCLIM/tysk: Forskargruppa gjennomgår eit fagleg skifte. Førsteamanuensis Birger Solheim står bak prosjektet Naturens stemmer med tanke på NFR-søknad i 2025. Ei ph.d.-stilling til dette arbeidet vil dra nytte av det gode ph.d.-utviklingsmiljøet i forskargruppa og styrke Solheim sitt kandidatur som prosjektleiar og ein opprykkssøknad for Solheim.

Arabisk/midtøstenhistorie: Fagmiljøet i arabisk har fått ein ny start med to nye tilsette (Hovden og Good), samt eit nytt BA-program i samarbeid med AHKR. Det føregår samstundes mykje arbeid med prosjektutvikling, både mot tematiske satsingar frå NFR og eit SFF-initiativ som er administrativt forankra ved AHKR men har tung involvering frå IF. Ei ph.d.-stilling vil styrke dette arbeidet.

Italiensk (litteratur/fagdidaktikk): Italienskfaget er eit lite fagmiljø i stor utvikling. Camilla Skalle vart nyleg tilsett fast og jobbar aktivt med vidareutvikling av eit Nordforsk-finansiert prosjekt innanfor forskargruppa Mangfald og fleirspråklegheit. Ei ph.d.-stilling vil kunne styrke dette arbeidet og hennar søknad om opprykk til professor.

Ukrainsk: Fagmiljøet på russisk har gjennomført ei fagleg omstilling etter den russiske invasjonen av Ukraina. Professor Ingunn Lunde jobbar med utvikling av eit emne i ukrainsk historie og kultur for BA-graden i russisk og er tungt involvert i det NFR-finansierte nasjonale forskarnettverket UKRAINETT. Ei ph.d.-stilling i ukrainsk vil sementere denne faglege omdreiinga og svare på samfunnsbehov for Ukraina-kompetanse.

Framtidige EVU-tilbod

Institutt har ei rekkje vidareutdanningstilbod: skreddarsydde opplegg for lærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule (Kompetanse for kvalitet, Kfk), nettbaserte gratiskurs på 100-nivå for ei meir generell målgruppe og betalingskurset Nettarabisk. Resultatinntektene frå studiepoeng er ein indikator på kor viktig desse tilboda er ved IF: 19 prosent av studiepoenginntektene frå IF kjem frå EVU-tilbod. Ikkje minst står vidareutdanninga for ein stor del av studiepoenginntektene på nokre av dei språkfaga som dei seinare åra har slite mest med rekrutteringa: på spansk kjem 29 prosent av dei samla studiepoenginntektene i 2025 frå EVU, på tysk 36 prosent, på fransk 37 prosent og på italiensk 58 prosent.¹

Potensialet for vidareutdanning ved IF er stort, og motivasjonen i fagmiljøa er sterk. Fakultetet har lagt fram ein god handlingsplan for EVU, og instituttet sluttar seg til dei strategiske måla om å “byggje vidare på fleksible utdanningstilbod som ein måte å rekruttere fleire studentar til humanistiske fag”, og at HF bør vera “det naturlege førstevallet for lærarar som ønskjer vidareutdanning”.

IF har i 2025 eit utviklingsprosjekt for å få til ei god omstilling av **kfk-kursa** til dei nye rammene og den nye finansieringsmodellen frå departementet. Kimberly M. Skjelde, som har sterk kompetanse både innan vidareutdanning og på skuleverket, er frikjøpt for å utvikla desse lærarkursa vidare innanfor nye rammene. IF tilbyr neste studieår fransk og spansk, i tråd med forventningane frå departementet. Vi ønskjer òg å tilby tysk for å sikra at UiB held fram med å vera ein sentral aktør med ei brei satsing på språkfaga i skuleverket. Både historikken frå Kfk og søkjartala våren 2025 tyder på at tyskfaget har potensiale for god rekruttering til slike lærarkurs. Vi håpar på ei stabil og god finansiering frå departementet framover, i tråd med finansieringa hausten 2025, og vi ser fram til ei avklaring frå fakultetet av korleis denne finansieringa vil koma instituttet til gode - både til lærarkrefter på dei aktuelle kursa og til styrking av driftsbudsjettet ved IF. Det bør òg arbeidast aktivt for å få departementet til å knyta resultatfinansiering til studiepoenga frå desse kursa. Dette vil vera eit insentiv til å tilby ei breidde av kurs og til å få mange studentar gjennom kursa, heller enn å berre tilby eit nødvendig minimum av kurs.

Dei nettbaserte gratiskursa er svært viktige for rekrutteringa på fransk, spansk, tysk og italiensk. Dilemmaet er at alle desse faga opplever at dei ikkje har lærarkrefter nok til å dekkja all undervisninga. Vi kan dermed enda opp med å fjerna slike kurs, trass i gode studenttal, fordi dei taper i tevlinga med andre kurs som vi er *forplikta* til å tilby (inkl. lektorutdanningsemne med svært få studentar).

¹ Vidareutdanninga står for ein endå større del av studentmassen på nokre av faga enn desse tala tyder på, sidan dei eksternfinansierte Kfk-tilboda ikkje tilfører studiepoenginntekter.

Alle desse faga ønskjer likevel å styrka det eksisterande tilbodet og satsa på nye tilbod innanfor EVU og fleksibel utdanning. Tyskfaget har konkrete og ambisiøse planar om redesign hausten 2025, oppstart av digital/hybrid bachelorgrad våren 2026 og av digital/hybrid mastergrad hausten 2026. Eit slikt opplegg vil kunna styrka rekrutteringa til faget gjennom å tilby fleksible studetilbod på alle nivå, samstundes som ein samkøyrer undervisninga slik at ein held seg innanfor dei tilgjengelege undervisningsressursane. Franskfaget ønskjer òg å utvida det eksisterande gratis nettbaserte tilbodet til å inkludera heile bachelorgraden og etter kvart delar av mastergraden. Hybride kurs, som slår saman dagens nett- og campuskurs, vil kunna redusera ressursbruken til undervisninga. Spanskfaget har ikkje lærarkrefter til å tilby gratisemna i tillegg til Kfk-kursa frå og med våren 2026, dersom faget ikkje lenger får særskilt finansierte stillingsressursar til Kfk. Også spanskfaget ønskjer å etablera nettilbod på 200- og 300-nivået dersom ressurssituasjonen opnar for det. Italienskfaget har tidlegare lansert planar om å gjera heile bachelorgraden om til eit nettbasert tilbod.

Betalingskurset Nettarabisk har gjennom fleire år trekt til seg studentar og gått med overskot. Bemanningssituasjonen fram til neste pensjons-avgang opnar for at instituttet vil kunna utvikla og prøva ut eitt eller to nye emne i tillegg til dei 30 studiepoenga Nettarabisk tilbyr i dag.

Forsakingsinfrastruktur

Ikkje aktuelt for IF i denne omgang.

Oppgradering av areal og undervisningsrom

Nokre av **undervisningsromma** ved fakultetet bør utstyrast for hybrid undervisning slik at institutta ved HF effektivt kan ta i bruk denne undervisningsforma på ein pedagogisk god måte for både campus- og fjernstudentar. Sidan ingen av undervisningsromma i HF-bygget har mikrofonar som fast utstyr, ønskjer IF å kartleggja behovet og laga ein søknad saman med LLE til UiB Universell for å få på plass slikt utstyr.

UiB sentralt har eit mål om å redusera **arealbruken** med ti prosent. Reint praktisk kan det vera vanskeleg å få til dette med IF sine lokale i HF-bygget. Men instituttet har ein konkret plan for korleis vi kan fortetta og utnytta kontorlokala i andre høgda betre slik at vi kan hysa eit større prosjekt der i tillegg til den aktiviteten vi har no. Vi vil elles peika på at instituttet med sine lokale i andre og tredje høgda av HF-bygget har fire ulike nøkkelssystem. Eitt av dei fire systema vi har i dag, som m.a. inkluderer personaltoalett, er så utdatert at det ikkje lenger kan skaffast nye nøklar. Primært bør HF-bygget få eitt, felles låssystem for heile bygget. Sekundært bør fakultetet inntil vidare få reduserte leigepreisar på grunn av dagens manglar.

Andre moment

Driftsbudsjettet ved IF har dei siste tre åra gått rundt fordi vi har fått inn store sluttgevinstar frå eksternfinansierte prosjekt. Slike ekstraordinære inntekter ser vi ikkje ut til å få inn på driftsbudsjettet vårt i 2026 og 2027. Dette vil ramma undervisninga ved IF fordi vi neppe har råd til å dekkja inn nødvendig vikarhjelp. I tillegg vil det vera ei utfordring for forskningssatsinga. Instituttet har minimalt med ressursar til forskingsstøtte, samstundes som den eksisterande finansieringa frå fakultetet til forskargrupper er i ferd med å bli avslutta. Driftsbudsjettet vil derfor bli ei prekær utfordring for IF i 2026.

Instituttleiinga ser at bemanningssituasjonen er utfordrande for mange av faga våre no. Vi følgjer den økonomiske utviklinga for fakultetet tett og er solidariske med behovet for å fordele kutt på heile fakultetet. Vi vil likevel peike på nokre særlege prioriteringar for instituttet i tida framover.

Italiensk. Vi registrerer at fakultetsstyret har vald å leggje inn ei tilsetting for italiensk i førsteamanuensisstilling i 2028 som en følge av implementering av småfagsmodellen. Vi vil minne om at instituttet no må bere kostnadane for å oppretthalde undervisningstilbodet på faget fram til dette og ønskjer ein dialog med fakultetet om det er mogleg å revurdere tidsplanen for implementering av stillinga.

Kinesisk. Kinesiskfaget har ein uventa avgang frå ei 50% universitetslektorstilling no i 2025. Vi ber om at stillinga vert vidareført i fakultetet sin bemanningsplan. Etter avgangen vil faget ha tre professor-stillingar. Dette er absolutt minimum i småfagsmodellen, og vi meiner det er grunn til å merke seg at kinesisk er eit særleg undervisingsintensivt fag.

Engelsk. Vi har ein uventa avgang i amerikansk litteratur (100% professorstilling) i 2025. Vi ber om at fakultetsstyret vurderer vidareføring av denne stillinga. Amerikansk litteratur er det fagområdet med størst rettleiingsbyrde på instituttet.

Spansk. Etter overføring av stillingar frå instituttbudsjettet til fakultetet sin faglege bemanningsplan og vedtak om å ikkje lyse ut etter dei kommande avgangane i spansk lingvistikk ser vi at faget vil verte ståande utan medarbeidarar med førstekompetanse i spansk lingvistikk. Vi meiner at dette er uheldig for faget og at det vil få konsekvensar for kva fagtilbod vi kan gi studentane. Samstundes ser vi at spanskfaget har potensiale for å vidareutvikle sitt studietilbod både på nett og retta mot lærarar som vil kunne tilføre inntekter til fakultetet.

Velg sted

IF

Tilpass scenarier:

Lagre filen med nytt navn som inkluderer sted (f. eks. Inputskjema langtidsbudsjett 2026 - IF)

Prosesentsatsene i de ulike scenariene er satt inn som utgangspunkt og påvirker de grønne inputcellene i arkfane 1-3. Inputcellene i de ulike arkfanene kan også skrives over. Gå gjennom alle scenariene og lever filen sammen med budsjettinnspillet.

	Humanist	Pessimist	Optimist
Vekstrate studiepoeng	2 %	-2 %	5 %
Endret gjennomføring	1 %	-1 %	2 %
Vekstrate BOA	3,9 %	-5 %	10 %

Endring doktorgrader (stk)


		2025	2026	2027	2028	2029	Sum	
Doktorgrader 2024 =	2	Humanist	2	4	2	2	1	11
		Pessimist	1	3	1	1	0	6
		Optimist	3	7	4	4	2	20

Nye tall


De ulike scenariene justeres av vekstrate BOA (%). Dersom noe skal justeres ned eller opp utover dette kan man sette inn ønsket beløp (nye tall) på tilhørende år. Det nye beløpet justeres etter tilhørende vekstrate i påfølgende år. Dette er for eksempel aktuelt når KFK bytter finansieringsmetode fra BOA til GB. Statlige etater må da gå tilsvarende ned. Det er også aktuelt når året før er lik 0.

	2025	2026	2027	2028	2029
ERC	0				
Annen EU	2 528 730				
SFF	84 473				
SFI +	0				
NFR	3 323 792				
EU	2 528 730				
Statlige etater	8 821 106				
Organisasjoner og stiftelser	158 000				
Gaver	1 287 463				
Næringsliv og privat	0				
Andre bidragsytere	585 200				


Inntekter fra IF ved ulike scenarier




Potensiale for studiepoeng gitt opptaksrammer:
(IF ligger under potensialet for studiepoeng til faget)




Utvikling BOA (humanist)



Utvikling BOA (pessimist)



Utvikling BOA (optimist)



1. Input (humanist)

1. Valgt sted: IF
2. Se over de grønne feltene og endre ved behov. Påfølgende år får vekst lik vekstrate
3. I tabellene på siden beregnes hvor mye instituttet bidrar til fakultetets resultatinntekter.
4. Dette skal være det mest realistiske scenarioet

Potensiale for studiepoeng gitt opptaksramme	2022	2023	2024
Studiepoeng til faget	669	664	614
Frie studiepoeng	250	264	264
Studiepoeng førstesemester	82	76	73
Sum studiepoeng dersom fulle studieplasser	1 002	1 003	951
Studiepoeng PED	14	14	14

Vekstrate studiepoeng	2 %
Endret gjennomføring	1 %
Vekstrate BOA	4 %

De grønne feltene er utgangspunkt som kan skrives over manuelt
Påfølgende år påvirkes av scenariets vekstrate

Studiepoeng		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kategori	1		387	389	396	404	412	421	429
	2		68	57	58	59	60	62	63
	3		0	0	-	-	-	-	-
Sum studiepoeng		494	455	446	455	464	473	482	492
Møtt		274	289	234					

Endringsledd kandidater på normert tid		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kullstørrelse normert tid		283	317	292	292	292	292	292	292
Endring gjennomføring			3,7 %	-5,4 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %
endringsledd			11,8	-15,8	2,9	2,9	2,9	2,9	2,9

Doktorgrader		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
		2	4	2	2	4	2	2	1

Tallene som foreløpig står inne i 2024 er budsjettall og kan skrives over

Forskningsinsentiver		2022	2023	2024	Prognose				
Ny modell	ERC	0	0	0	-	4 505 303	5 789 421	4 797 045	4 875 904
	Annen EU	1 168 567	850 395	1 115 043	2 528 730	5 291 670	3 991 040	-	-
	SFF	0	180 288	325 241	84 473	-	-	-	-
	SFI +	0	0	0	-	-	-	-	-

Vennligst fyll ut BOA-tall på underkategorier Disse skal benyttes til BOA-budsjett for 2026 og langtidsperioden.

Tallene som foreløpig står inne i 2025 er budsjettall og kan skrives over

BOA spesifisert på underkategori		2022	2023	2024	Prognose				
NFR		5 043 184	4 732 344	2 255 055	3 323 792	5 031 631	5 389 809	4 784 782	3 346 875
EU		1 168 572	850 395	1 115 043	2 528 730	9 796 973	9 780 461	4 797 045	4 875 904
Statlige etater		10 444 713	11 582 491	7 763 763	8 821 106	4 082 911	4 192 143	3 602 366	3 700 000
Organisasjoner og stiftelser		2 432 203	1 996 088	1 111 950	158 000	100 000	-	100 000	-
Gaver		388 806	7 066	46 092	1 287 463	400 000	420 000	400 000	450 000
Næringsliv og privat		6 755	49 245	0	-	-	-	-	-
Andre bidragsytere		996 628	928 715	1 096 604	585 200	150 000	150 000	150 000	150 000
Sum		20 480 861	20 146 344	13 388 507	16 704 291	19 561 515	19 932 413	13 834 193	12 522 779

2. Input (pessimist)

1.

Valgt sted:

IF
2.

Se over de grønne feltene og endre ved behov. Påfølgende år får vekst lik vekstrate
3.

I tabellene på siden beregnes hvor mye instituttet bidrar til fakultetets resultatinntekter.
4.

Dette skal være et pessimistisk scenario som representerer "Worst Case"

Potensiale for studiepoeng gitt opptaksramme	2022	2023	2024
Studiepoeng til faget	669	664	614
Frie studiepoeng	250	264	264
Studiepoeng førstesemester	82	76	73
Sum studiepoeng dersom fulle studieplasser	1 002	1 003	951
Studiepoeng PED	14	14	14

Vekstrate studiepoeng	-2 %
Endret gjennomføring	-1 %
Vekstrate BOA	-5 %

Vennligst fyll ut de grønne feltene

Studiepoeng		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kategori	1		387	389	381	373	366	358	351
	2		68	57	56	55	54	53	52
	3		0	0	-	-	-	-	-
Sum studiepoeng		494	455	446	437	428	419	411	403
Møtt		274	289	234					

Endringsledd kandidater på normert tid		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kullstørrelse normert tid		283	317	292	292	292	292	292	292
Endring gjennomføring			3,7 %	-5,4 %	-1,0 %	-1,0 %	-1,0 %	-1,0 %	-1,0 %
endringsledd			11,8	-15,8	-2,9	-2,9	-2,9	-2,9	-2,9

Doktorgrader		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
		2	4	2	1	3	1	1	-

Tallene som foreløpig står inne i 2024 er budsjettall og kan skrives over

Forskningsinsentiver		2022	2023	2024	Prognose				
Ny modell	ERC	0	0	0	2025	2026	2027	2028	2029
	Annen EU	1 168 567	850 395	1 115 043	-	-	-	-	-
	SFF	0	180 288	325 241	2 528 730	5 291 670	3 991 040	-	-
	SFI +	0	0	0	84 473	-	-	-	-

Vennligst fyll ut BOA-tall på underkategorier Disse skal benyttes til BOA-budsjett for 2026 og langtidsperioden.

Tallene som foreløpig står inne i 2025 er budsjettall og kan skrives over

BOA spesifisert på underkategori		2022	2023	2024	Prognose				
NFR		5 043 184	4 732 344	2 255 055	2025	2026	2027	2028	2029
	EU	1 168 572	850 395	1 115 043	3 323 792	3 965 091	2 800 240	2 101 469	373 900
	Statlige etater	10 444 713	11 582 491	7 763 763	2 528 730	5 291 670	3 991 040	-	-
	Organisasjoner og stiftelser	2 432 203	1 996 088	1 111 950	8 821 106	4 082 911	3 992 143	3 402 366	-
	Gaver	388 806	7 066	46 092	158 056	-	-	-	-
	Næringsliv og privat	6 755	49 245	0	1 287 463	145 000	170 000	145 000	170 000
	Andre bidragsytere	996 628	928 715	1 096 604	-	-	-	-	-
	Sum	20 480 861	20 146 344	13 388 507	535 200	-	-	-	-
					16 654 347	13 484 672	10 953 423	5 648 835	543 900

3. Input (optimist)

1. Valgt sted: IF
2. Se over de grønne feltene og endre ved behov. Påfølgende år får vekst lik vekstrate
3. I tabellene på siden beregnes hvor mye instituttet bidrar til fakultetets resultatinntekter.
4. Dette skal være et optimistisk scenario som representerer "Best Case"

Potensiale for studiepoeng gitt opptaksramme	2022	2023	2024
Studiepoeng til faget	669	664	614
Frie studiepoeng	250	264	264
Studiepoeng førstesemester	82	76	73
Sum studiepoeng dersom fulle studieplasser	1 002	1 003	951
Studiepoeng PED	14	14	14

Vekstrate studiepoeng	5 %
Endret gjennomføring	2 %
Vekstrate BOA	10 %

Vennligst fyll ut de grønne feltene

Studiepoeng		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kategori	1		387	389	408	428	450	472	496
	2		68	57	60	63	66	69	73
	3		0	0	-	-	-	-	-
Sum studiepoeng		494	455	446	468	491	516	542	569
Møtt		274	289	234					

Endringsledd kandidater på normert tid		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Kullstørrelse normert tid		283	317	292	292	292	292	292	292
Endring gjennomføring			3,7 %	-5,4 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %
endringsledd			11,8	-15,8	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8

Doktorgrader		2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
		2	4	2	3	7	4	4	2

Tallene som foreløpig står inne i 2024 er budsjettall og kan skrives over

Forskningsinsentiver		2022	2023	2024	Prognose				
Ny modell	ERC	0	0	0	-	4 505 303	5 789 421	4 797 045	4 875 904
	Annen EU	1 168 567	850 395	1 115 043	2 528 730	5 291 670	4 491 040	2 320 000	3 250 000
	SFF	0	180 288	325 241	84 473	-	-	-	-
	SFI +	0	0	0	-	-	-	-	-

Vennligst fyll ut BOA-tall på underkategorier Disse skal benyttes til BOA-budsjett for 2026 og langtidsperioden.

Tallene som foreløpig står inne i 2025 er budsjettall og kan skrives over

BOA spesifisert på underkategori		2022	2023	2024	Prognose				
NFR		5 043 184	4 732 344	2 255 055	3 323 792	6 357 933	9 866 951	9 433 819	7 502 137
EU		1 168 572	850 395	1 115 043	2 528 730	9 796 973	10 280 461	7 117 045	8 125 904
Statlige etater		10 444 713	11 582 491	7 763 763	8 821 106	4 382 911	4 292 143	3 802 366	4 400 000
Organisasjoner og stiftelser		2 432 203	1 996 088	1 111 950	158 056	200 000	200 000	200 000	200 000
Gaver		388 806	7 066	46 092	1 287 463	750 000	900 000	750 000	900 000
Næringsliv og privat		6 755	49 245	0	-	-	-	-	-
Andre bidragsytere		996 628	928 715	1 096 604	635 200	200 000	200 000	200 000	200 000
Sum		20 480 861	20 146 344	13 388 507	16 754 347	21 687 817	25 739 555	21 503 230	21 328 041

BAKGRUNN OG MANDAT

Det humanistiske fakultet har gjennomført eit omfattande prosjekt med studieporteføljen sin dei siste åra. Eitt av tiltaka i prosjektet har vore å etablera ein task force som skal koma med framlegg til tiltak som skal styrkja gjennomføringa i studieprogram og emne og å auka studiepoengproduksjonen.

Mandatet for task forcen har vore:

- Gruppa skal henta inn kunnskap om kva tiltak som vert gjort eller kan gjerast på dei enkelte studieprogram for å hindre fråfall og å få studentane til å ta eksamen og å seia noko om korleis medvitet om dette er i fagmiljøa på fakultetet.
- Gruppa skal identifisera konkrete tiltak som kan styrkja gjennomføringa og å drøfta korleis dette kan gjerast kjent på tvers av fagmiljø.

TOLKING AV MANDAT OG MEDLEMAR I TASK FORCE

Task force for auka gjennomføring har hatt fire møte i perioden oktober 2024 til januar 2025. Diskusjonane i gruppa har vore svært gode og engasjerte. Men gruppa er òg samstemt om at det har vore ei vanskeleg bestilling ein skulle arbeida med. Første del av bestillinga er svært omfattande, sjølv om dei enkelte medlemmene i gruppa har meldt tilbake erfaringar frå eigne institutt og einingar. Tiltak for betre gjennomføring på ulike studieprogram var òg tema på HF-dagen hausten 2024, og oppsummeringa frå dette seminaret er ein del av kunnskapsunderlaget for denne rapporten.

Det er heller inga enkel oppgåve å skulla føreslå hurtigverkande tiltak for å styrkja gjennomføringa og å auka studiepoengproduksjonen. Fleire av diskusjonane i gruppa har såleis endt opp i forslag til tiltak som er meir langsiktige. Samarbeidet og innsiktene i denne gruppa har likevel vist seg å ha stor verdi, og medlemmane i task force har fått ei ny rolle som referansegruppe for tiltaket knytt til utvida mentorordning.

I tråd med arbeidet i studieporteføljeprojektet, har gruppa primært konsentrert seg om gjennomføring på BA-nivået, sjølv om tiltaka som er diskuterte òg har relevans for gjennomføring på årsstudium, lektorprogramma og MA-nivået.

Medlemmane i task force har vore:

- Svein Ivar Angell (visedekan for utdanning, leiar)
- Synnøve Ones Rosales (førsteamanuensis, IF)
- Arne Solli (førsteamanuensis, AHKR)
- Eirik Vassenden (professor, LLE)
- Kari Jegerstedt (senterleiar, SKOK)
- Andreas Hedde Velle (studentrepresentant)
- Abigail Da Silva (studentrepresentant)
- Jacob Hoffmann (studieleiar, AHKR)
- Ellen Vikersveen (rådgivar, fakultetssekretariatet)
- Hanne Svanholm Misje (sekretærfunksjon)

GJENNOMFØRING VS. FRÅFALL

Problematikk knytt til fråfall og gjennomføring har vorte drøfta på fleire tilskipingar i regi av fakultetet det siste arbeidsåret. På fakultetsleiarkonferansen i februar 2025 fekk vi ein gjennomgang ved seniorrådgjevar Arne Haugen frå HK-DIR, som har arbeidd med ein rapport om fråfall i høgare utdanning. Rapporten, som er publisert av SSB, viser til at ein kan skilja mellom ulike typar av fråfall frå høgare studiar: Sektorfråfall er fråfall der studenten ikkje er registrert i høgare utdanning i påfølgjande år etter fråfall. Programbytte er fråfall der studenten bytar studieprogram. Institusjonsbytte er skifte av utdanningsinstitusjon.¹

Sektorfråfall har store omkostningar for samfunnet og for den enkelte. Ein kan rekna med at 10 % av dei som fell frå ikkje er i utdanning eller i anna sysselsetjing eitt år etter fråfall. Det er òg karakteristiske skeivfordelingar når det gjeld fråfall: Det er størst sektorfråfall blant mannlege studentar. Likeins er det høgare sektorfråfall blant studentar der foreldre berre har grunnskuleutdanning. Studentar med innvandrarbakgrunn har òg høgare sektorfråfall enn andre studentgrupper.²

Eit anna karakteristisk drag når det gjeld fråfall i det nasjonale bildet, er at det er størst sektorfråfall i gruppa humanistiske og estetiske fag. Dette er ein kategori som omfattar fleire typar av studieprogram enn dei vi har ved Det humanistiske fakultet. Men i lys av dei nasjonale tala, er det likevel karakteristisk at det er HF som har det største fråfallet av førsteårsstudentane internt på UiB:

Fråfall etter første studieår BA					
Fakultet	2019	2020	2021	2022	2023
HF	41 %	39 %	41 %	33 %	35 %
NT	27 %	24 %	24 %	24 %	22 %
MED	14 %	13 %	26 %	27 %	26 %
PS	25 %	26 %	36 %	29 %	28 %
SV	28 %	30 %	32 %	27 %	25 %
KMD	13 %	20 %	14 %	14 %	18 %
UiB	30 %	30 %	32 %	27 %	26 %



Fråfallet etter første studieår ved HF er høgast av alle fakulteta ved UiB. Dette biletet kan likevel nyanserast noko. HF har ein studentpopulasjon der mange av dei som startar på studieprogramma først og fremst tek enkeltemne, og ikkje har intensjon om å fullføra ein grad i utgangspunktet. Det er òg sosiale karakteristikum ved studentane på HF som lysset problematikken knytt til fråfall: SHOT-undersøkingane syner at studentane på HF

¹ Jf. <https://www.ssb.no/utdanning/hoyere-utdanning/artikler/frafall-forste-studiear>.

² Jf. <https://www.ssb.no/utdanning/hoyere-utdanning/artikler/frafall-forste-studiear>.

er gjennomgåande eldre enn ved andre fakultet, og i lys av dette gjerne har fleire private forpliktingar. SHOT-undersøkingane syner òg at HF-studentane har svakare økonomi enn studentar ved andre fakultet. Dette kan tyda på at HF-studentane i større grad enn andre studentar må ha inntektsgjevande arbeid ved sida av studia.³ Dette kan ha sitt å seia for at fråfallet er høgare på HF enn andre stader.

I task force brukte vi ein del tid på å avklara tilhøvet mellom fråfall og gjennomføring. Dette er to problematikkar som heng tett saman: Høgt fråfall fører til lågare gjennomføring. Men kvar for seg krev dei likevel ulike tiltak. Fråfall er i mange tilfelle knytt til eksterne faktorarar og individuelle tilhøve hjå den enkelte student. Dette er det vanskeleg for oss som utdanningsinstitusjon å påverka. Gjennomføring – i tydinga å få fleire studentar til å fullføra emna og programma dei går på - kan vi derimot setja inn tiltak for å lukkast betre med.

Ei typisk problemstilling i lys av dette er i kva grad ein skal bruka ressursar på å hanka inn såkalla «spøkelsesstudentar.» Dette er studentar som er melde til emna, som er på lista over studentar i Mitt UiB, men som ikkje møter til undervisning eller eksamen. Dei tel likevel med i gjennomføringsstatistikken til fakultetet. Arbeidsgruppa meiner at det ikkje er desse studentane vi bør bruka energi og ressursar på i arbeidet med å styrkja studiepoengproduksjon og gjennomføring ved HF. Drøftingane i task force har difor handla om korleis vi kan få dei studentane vi faktisk har til å fullføre dei emna og studieprogramma dei er meldte til.

GJENNOMFØRING PÅ HF

Utgangspunktet når det gjeld gjennomføring er at HF-studentane har dårlegare gjennomføring enn studentar på andre fakultet:

Gjennomføring HF (BA)

Andel kandidater fullført innenfor normert tid (B3)

	Årstall (kull) / Normert avgangår													
Fakultet	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Det humanistiske fakultet	29,8	33,5	28,4	25,1	25,8	27,8	27,1	27,4	29,1	26,8	26,8	26,8	25,5	
Det medisinske fakultet	51,9	45,8	47,8	53,7	50,0	53,8	59,3	62,5	58,2	57,1	66,2	68,8	50,7	
Det psykologiske fakultet	49,4	45,7	43,7	42,9	47,0	49,4	48,2	53,7	54,7	58,5	57,8	58,2	51,7	
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	43,7	40,9	40,3	43,0	37,5	39,6	34,6	39,2	46,3	49,8	54,3	52,4	50,8	
Fakultet for kunst, musikk og design							26,7	40,0	68,8	77,7	68,4	60,4	72,9	
Fakultet for naturvitenskap og teknologi	33,3	36,9	33,0	38,8	34,4	34,0	35,7	32,8	35,6	42,0	42,5	40,9	44,5	
Grand Total	37,2	37,7	35,1	36,6	34,6	36,4	34,4	36,9	41,3	43,9	45,8	44,2	43,5	

Tabellen viser prosentandelen av studenter (B3) i et årskull som gjorde seg ferdig med utdanningen innenfor normert tid (3 år/6 semester). Denne rapporten henter både søknadsdata (hvem som er tatt opp) og informasjon om oppnådde kvalifikasjoner fra rapporteringsdata sendt til DBH.



³ Jf. SHOT. Studentenes helse- og trivselsundersøkelse, Universitetet i Bergen 2022.

Gjennomføringa på HF sine BA-program ligg godt under gjennomsnittet på UiB.

Den låge gjennomføringa i studieprogramma har store konsekvensar for fakultetet som fellesskap, ved at vi går glipp av store resultatmidlar. Per i dag står resultatmidlane for om lag 50 % av inntektene til fakultetet. Av dette – etter omlegginga av finansieringssystemet i UH i 2023 – står resultatmidlar frå studiesida for det aller meste.

Om ein skal estimera kva inntekter vi går glipp av som følgje av dårleg gjennomføring, kan ta utgangspunkt i følgjande: Om kvar student ved HF i gjennomsnitt (på alle studieprogram) produserer 5 studiepoeng ekstra i 2025 enn det dei sannsynlegvis vil gjera, vil fakultetet sine resultatinntekter for dette året (utbetalte to år på etterskot) auka med om lag 14 millionar kroner. Om auken er på 3 studiepoeng ekstra, vil auken vera på om lag 8 millionar kroner. Den låge gjennomføringa ved studieprogramma ved HF tilseier såleis at vi her har eit stort potensiale for å auka inntektene våre.⁴

Årsakene til den låge gjennomføringa på HF kan nok til ein viss grad sjåast i samanheng med dei same faktorane som ligg bak det høge fråfallet frå HF sine studieprogram, mellom anna at studentane på HF som regel har trong for inntektsgjevande arbeid utanom studia. Men det er likevel slåande at gjennomføringa til 2021-kullet ved BA på HF er om lag halvdelen av det som er tilfellet på SV-fakultetet, som ein kan hevda er det mest nærliggjande å jamføra med her. Og her er det òg eit moment at studiebarometeret for 2025 indikerte at HF-studentane ikkje arbeider så mykje meir utanom studiane enn det som er tilfellet for studentane ved andre fakultet. Slik sett er dette ikkje ein forklaringsfaktor som skulle gje seg så mykje større utslag på HF enn ved andre fakultet.

Men kva får studentane til å verta verande hjå oss og produsera studiepoeng og ta ein grad? Dette er det òg ulike svar på. Generelt sett veit vi at høg såkalla inntakskvalitet påverkar gjennomføring positivt. Dette inneber at jo betre karakterar studentane har frå vidaregåande skule, jo betre moglegheiter er det for at dei fullfører. Karakternivået hjå dei studentane som startar ved HF har stått tilnærma stille dei siste 20 åra, i ein periode der karakternivået i vidaregåande skule ha auka kraftig. Dette kan tyda på at noko av den svake gjennomføringa ved HF kan skuldast svak såkalla inntakskvalitet. Dette kan òg underbyggjast ved at gjennomføringa ved lektorprogramma ved HF er betre enn ved BA-programma. Avgangskarakterane til dei som startar ved lektorprogramma ved HF er i gjennomsnitt ein halv karakter høgare enn studentar som startar på BA-programma.⁵

Denne problematikken peikar på same tid i retning av at det kan vera mykje å vinna på å tilretteleggja meir for nye studentar som startar ved HF. Dette handlar om å førebu dei enda betre på studenttilværet, og å arbeida for å gjera overgangen frå vidaregåande til

⁴ UiB si studieavdeling har nyleg gjennomført ein analyse av inntektsbortfall som følgje av at studentane ikkje følgjer normal progresjon på MA-programma. For UiB samla representerer dette eit inntektsbortfall på 40 millionar kr. for studieåret 2024-25, for HF åleine om lag 8,5 millionar. Det er på ingen måte realistisk med 100% gjennomføring på MA-programma på HF, men overslaga er likevel interessante. Jf. UU-sak 14/25.

⁵ Jf. S 9/23. Forsprosjekt studieportefølje. Rapport frå arbeidsgruppe.

universitetet smidigare. Studentane må integrerast både fagleg og sosialt. På same tid må studentane få klart føre seg kva faglege krav som vert stilt til dei i dei ulike studieprogramma. Ikkje minst handlar dette om å byggja ned skrankane mellom undervisarar og studentar. På same vis handlar det om å leggja til rette for at studentane er meir aktive i undervisninga og tek meir ansvar for eiga læring.

UNDERVISNINGSKVALITET

Kvaliteten på undervisninga som blir gitt har vore del av fleire av diskusjonane i task force. Dette er eit kontinuerleg arbeid som det blir jobba godt med på HF, både i fagmiljøa som kollektiv og ikkje minst hjå den enkelte undervisar. Men det er likevel viktig å leggja til rette for at diskusjonane om undervisningskvalitet òg vert ført på eit meir overordna nivå, og at vi held oppe merksemda på dette som fakultetsfellesskap.

I 2021 vart det utarbeidd ein rapport om undervisningskvalitet ved Det humanistiske fakultet, der ei gruppe tilsette i ulike fagmiljø vart spurde om kva dei forstod med omgrepet undervisningskvalitet og kva som dei meinte kunne fremja undervisningskvalitet. Fleire gav uttrykk for at innhaldet i omgrepet kan verka ullent, og at det har ein viss «festtaledåm» over seg. Men arbeidsgruppa var likevel i stand til å identifisera nokre felles kjenneteikn ved måten undervisningskvalitet vart forstått på mellom respondentane:

«For det *fyrste* handlar omgrepet om ivaretaking av ei rekkje fagspesifikke og ålmenne pedagogiske omsyn, gjerne gjennom ein kombinasjon av verkemiddel som skal skape forståing og engasjement. For det *andre* vert omgrepet oppfatta som ein referanse til noko grunnleggjande relasjonelt: Det uttrykkjer kvalitetar knytt interaksjonen under sjølve undervisningssituasjonen. Spissformulert; god undervisningskvalitet er noko som skjer eller oppstår under gunstige omstende, ikkje noko utdanningsinstitusjonen produserer eller som den einskilde undervisar representerer men det sentralt at dette er viktig at vi sikrar at dette er noko vi fortsett å ha fokus på.»⁶

Arbeidsgruppa føreslo på ein slik bakgrunn tre tiltak i det vidare arbeidet med undervisningskvalitet ved fakultetet.

- 1) Ein må prøva å gjera det lettare å samarbeida om undervisning på tvers av fag.
- 2) Ein må arbeida for å fremja meir studentaktive undervisningsformer, og leggja til rette for større felles innsats mellom studentane òg utanom undervisningssituasjonen.
- 3) Ein må fasilitera meir erfaringsdeling om undervisning på fakultetet.

Det første av desse tiltaka er kan ein seia er eitt av måla med det pågåande studieporteføljeprojektet, der det skal innførast fellesemne mellom spesialiseringane som del av BA-gradane ved fakultetet. Dette kan heilt klart leggja til rette for å styrkja undervisningskvaliteten ved fakultetet. I samband med projektet er det òg utarbeidd retningslinjer for fordeling av resultatmidlar mellom institutta i samband med slike fellesemne.

⁶ https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/rapport._kva_er_god_undervisningskvalitet.pdf

Det andre tiltaket handlar i noko mon om undervisningsinfrastruktur. Undervisningslokala vi disponerer på HF gjer det i mange tilfelle krevjande å leggja til rette for studentaktive undervisningsformer. Det siste arbeidsåret har vi likevel fått presentert erfaringar ein har med dette ved NT-fakultetet, som har hatt eit eige prosjekt med teambasert læring på eitt av innføringsemna sine. Dette har gjeve gode resultat med omsyn til gjennomføring. Og her er det verdt å merka seg at tiltaket er gjennomført på store emne som har undervisning i lokale som i utgangspunktet er dårleg eigna for studentaktive læringsformer.

Ved HF har vi no òg sett i gang eit prosjekt for å rusta opp ei av fløyene ved Sydneshaugen skule, og å gjera arealet tilgjengeleg som meir uformelle og fleksible studentarbeidsplassar. Tiltaket er meint å styrkja den fagleg-sosiale tilknytninga studentane har til studia sine, og der er inspirert av eit tilsvarande opplegg ved SV-fakultetet (U-Phil). I denne samanhengen er det òg verdt å visa til at to av etasjane i HF-bygget no er utstyrte med møblement som legg til rette for at mindre studentgrupper kan opphalda seg der og ha eigeninitierte gruppearbeid mellom undervisningsøkterne. Tiltaket har vore svært populært, og legg òg til rette for meir interaksjon mellom studentar og dei tilsette som har kontor på HF-bygget.

Det siste tiltaket har vorte utprøvd gjennom eit digitalt undervisningsforum som vart arrangert av Studiestyret gjennom fleire semester. Dette har ikkje vorte prioritert dei siste åra, delvis med bakgrunn i at oppslutninga om tiltaket var svært varierende. På same tid har det pågåande studieporteføljeprojektet lagt til rette for å diskutera undervisningskvalitet på tvers av fagmiljøa. Her har det mellom anna vorte arrangert felles seminar mellom alle fagkoordinatorar ved fakultetet, noko som aldri har vorte prøvd før.

TILTAK

Mange av dei utfordringane som knyter seg til den låge gjennomføringane ved HF, krev at ein arbeider langsiktig. Fleire av desse utfordringane vil kunna møtast gjennom tiltaka i studieporteføljeprojektet. Det gjeld særskilt tiltaka som no vert sette i verk retta mot nye programstudentar ved fakultetet, og kanskje framfor alt målet om å gjera BA-utdanningane ved HF meir heilskaplege og å leggja til rette for å synleggjera arbeidsrelevansen i desse utdanningane meir. I studieporteføljeprojektet vert det no òg laga eit nytt opplegg for førstesemester som er meint å gje studentane eit betre grunnlag for å gjennomføra studieprogramma dei startar på, mellom anna gjennom det nye obligatoriske førstesemesteremnet «LES100». Eit særleg viktig tiltak i prosjektet er at mentorordninga skal omfatta heile det første studieåret for BA- og LU-studentane. Det overordna målet for dette tiltaket er å gje mentorordninga eit tydelegare fagleg innhald i tillegg til dei studentsosiale måla som alt kjenneteiknar ordninga. Målet for den nye ordninga er både å letta overgangen mellom vidaregåande og tilværet som student, men òg å letta overgangen mellom første og andre semester, då studentane startar på spesialiseringane sine. Dette er ein overgang der mange studentar fell frå. Task force har i fleire møte diskutert studentdrive kollokvium som eit tiltak for auka gjennomføring. Studentrepresentantane i task force er positive til tiltaket, men meiner studentar vil

treng å få dette organisert for dei – i alle fall i starten. Dette tiltaket blir ivarettatt av den utvida mentorordninga, der organisering og gjennomføring av kollokvium er ein del av fleire mentorsamlingar.

Eitt av dei kortsiktige tiltaka som task force vil føreslå, dreier seg om overgangen mellom første og andre semester. Forslaget er å gjera om på informasjonsmøta som studentane møter til når dei startar på spesialiseringane sine. Det er sjølvstykke informasjon som må formidlast til studentane på dette tidspunktet. Men dette er òg ein overgang der ein har moglegheit både for å avklara forventningar gjensidig, og å byggja ned skrankar mellom studentar og undervisarar. Tiltaket vert føreslått etter modell av eit opplegg ein har hatt for BA-studentane på SKOK, og vart prøvd ut som ei pilotordning på eit knippe program i januar 2025. Pilotforsøka med slike møte må evaluerast hausten 2025 og må eventuelt følgjast opp med å utarbeida eit meir standardisert opplegg frå januar 2026.

Andre kortsiktige tiltak som task force vil føreslå kan gjennomførast i løpet av 2025. Dette er for det første å arrangera eit seminar om team-basert læring, som ein har hatt suksess med for førstesemesterstudentane på NT-fakultetet. Eit slikt seminar bør vera eit tilbod til alle programstyrelseiarar ved fakultetet, men må òg vera ope for andre som er interesserte.

Vidare vil task force føreslå kortsiktige tiltak av meir teknisk karakter, som vil kunna letta informasjonstilgangen for studentane i Mitt UiB. Task force vil òg føreslå at det vert arbeidd med å letta rapporteringssystemet der gjennomføringsdata er tilgjengeleg, og gje konkrete rapportar som skal brukast i arbeidet med gjennomføring. I tillegg føreslår task force at det vert lagt til rette for å utarbeida ein ressursbank over alle gode tiltak som kan verka positivt på gjennomføring i Teams. Denne må vera tilgjengeleg for alle programstyrelseiarar ved fakultetet.

Nokre av dei langsiktige tiltaka task force føreslår har òg ein teknisk karakter, men som er meint å letta informasjonstilgangen for studentane. For det første vil vi føreslå at det vert opprette ein standardmal for korleis emnesidene i Mitt UiB skal sjå ut for HF sine emne. Det vil alltid vere råd for fagmiljø å bruke sine eigne oppsett, men der det ikkje finst så er det eit poeng at emnesidene blir brukt så likt som råd på tvers av emne. Dette tiltaket bør sjåast i lys av innføring av sektorversjonen av Canvas.

Det er ulike syn mellom ulike fagmiljø i kva grad det er behov for obligatorisk oppmøte til undervisning i emne og om dette verkar positivt på gjennomføring. Men det er grunn for å kartleggja dette meir. Task force vil difor føreslå at det vert gjennomført eit kartleggingsarbeid ved HF knytt til bruken av obligatorisk oppmøte, med føremål om å finna ut om dette eventuelt svekkjer eller styrker god gjennomføring. Her må det òg avklarast kva fleksibilitet emneansvarleg har når det gjeld oppfølging av studentar som ikkje gjennomfører obligatoriske aktivitetar.

I systembeskrivinga for studiekvalitet ved UiB er roller og ansvar i høve til drift og evaluering av program om emne fastslått. Her står det mellom anna at emneansvarleg har ansvar for «oppfølging av innspill og tilbakemeldingar fra studenter og kommunikasjon tilbake til studentene.» Undervegs i arbeidet med denne rapporten har

det kome fleire innspel som går på at studentane meiner det er viktig at skrankane mellom undervisarar og studentar vert bygde ned, og at det er klart for studentane kven dei skal forhalda seg til når det er ulike ting knytt til undervisninga som dei lurar på. På mange emne er det fleire undervisarar. Difor føreslår task force at systembeskrivinga bør utfyllast ved at det vert utarbeidd felles retningslinjer på fakultet for rolla til emneansvarlege, for å klargjera og synleggjera leiarfunksjonen emneansvarleg har ovanfor studentar.

Endeleg føreslår task forcen at det vert lagt til rette for fleire felles møtepunkt mellom undervisarar ved HF. Det digitale undervisningsforumet i regi av studiestyret bør takast opp att. På same tid bør fellesmøta mellom alle programstyreleiarar som har vorte gjennomført i samband med studieporteføljeprojektet etablerast som eit meir permanent opplegg.

KORTSIKTIGE TILTAK			
Tiltak	Utfyllande informasjon	Tidsramme	Ansvarleg
Seminar om teambasert læring	På HF-dagen 23. oktober 2024 holdt Sigrunn Eliassen eit innlegg om teambasert læring. Fleire fagkoordinatorar etterspurde meir informasjon om dette, gjerne med særleg fokus på korleis opplegget kunne sett ut ved HF.	I løpet av 2025	Visedekan
Rapportar i Tableau	Det trengs ei oversikt over gode rapportar i Tableau for å jobbe mot fråfall og for å auke gjennomføring på emnenivå. Føremon om fagmiljø bruker same rapportar i dette arbeidet.	Oktober 2025	Studieseksjon på fakultetet
Ressursbank	Det blir oppretta ein ressursbank i Teams der fagmiljø både kan dele og hente inspirasjon til gode idear og tiltak knytt til gjennomføring.	I løpet av 2025	Studieseksjon på fakultet og institutt
Vidareutvikling av oppstartssamlingar	Evaluerer forsøk gjort våren 2025, med sikte på at fleire fagmiljø arrangerer oppstartssamling i start av andre semester på BA. Vurdere å utarbeida eit meir standardisert opplegg, eventuelt eit opplegg fagmiljø kan plukke frå, til semesterstart januar 2026.	I løpet av 2025	Institutt, i samråd med studieseksjon på fakultet og Studiestyret
Informasjon om UiB Treet	UiB Treet er ei teneste der studentar får eller finn vegen vidare til all nyttig og viktig informasjon på ein tilgjengeleg og brukarvennleg måte. Informasjon om funksjonalitet i UiB Treet må delast med alle emneansvarlege på HF, det er fleire koplingar som er mogleg mellom Mitt UiB og Treet som vil gjere informasjonen meir tilgjengeleg for studentar.	Innan august 2025	Institutt, i samråd med studieseksjon på fakultetet

LANGSIKTIGE TILTAK			
Tiltak	Utfyllande informasjon	Tidsramme	Ansvarleg
Mal for emnesider på Mitt UiB	Oppdatere malen for korleis emnesidene i Mitt UiB skal sjå ut for HF sine emne. Det vil alltid vere råd for fagmiljø å bruke sine egne oppsett, men der det ikkje finst så er det eit poeng at emnesidene blir brukt så likt som råd på tvers av emne. Dette tiltaket bør sjåast i lys av innføring av sektorversjonen av Canvas. Det bør leggjast opp til kursing av vitskapleg tilsette.	Til semesterstart hausten 2026	Studieseksjon på fakultet og institutt, med hjelp av fagleg referansegruppe
Obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar	Etablere ein føremålstenleg praksis for obligatorisk oppmøte ved HF, med særleg fokus på gjennomføring. Praksisen må òg omfatte oppfølging av studentar som ikkje gjennomfører obligatoriske aktivitetar / som ikkje møter til obligatorisk undervisning(t.d. utsett frist)?	Til semesterstart hausten 2026	Administrativ arbeidsgruppe og Studiestyret, kople på programstyra viss aktuelt
Rolla til emneansvarleg	Utarbeide felles retningslinjer for rolla til emneansvarleg ved HF, med fokus på å synleggjere leiarfunksjonen emneansvarleg har ovanfor studentar. Kome med framlegg til enkle rutinar for korleis vere synleg for studentar (særleg når det er mange ulike undervisarar), undervegs kartlegging etc.	Juni 2026	Studiestyret
Felles møtepunkt	Leggje opp til fleire felles møtepunkt mellom undervisarar ved HF for å dele erfaringar.	Kontinuerleg	Studiestyret

Frå programstyre for lektorutdanninga til programstyre for lærarutdanninga?

Institutt for framandspråk har eit eige programstyret med ansvar for den integrerte lektorutdanninga med master i framandspråk (engelsk, fransk, spansk språk og latinamerikastudium, tysk). Dette vart vedteke etablert av instituttrådet 20. september 2023 etter oppmoding frå fakultetet. Etter innspel frå programstyret sjølv ønskjer instituttleiinga no ei drøfting av om mandat og representasjon for dette programstyret skal endrast.

Utgangspunktet er at programstyret for lektorutdanninga i møtet 9. april 2025 drøfta si eiga rolle, inkludert mandat og representasjon. Leiaren for programstyret har sendt eit notat til instituttleiinga om saka, og instituttleiinga har i etterkant drøfta saka med dåverande programstyreleiar Kimberly M. Skjelde. Tanken er at lærarutdanninga skal kunna drøftast samla og på tvers av faga, og at tilbodet kan samordnast betre.

Vi ser at det kan vere ulike syn på dette ved instituttet og vil med dette be programstyra for engelsk, fransk, tysk og spansk språk og latinamerikastudium om å koma med synspunkt på følgjande spørsmål:

(1) Bør programstyret for lektorutdanninga ved IF utvidast til å bli eit programstyre for den samla lærarutdanninga ved instituttet?

Per i dag har programstyret berre ansvar for den integrerte lektorutdanninga i framandspråk. Spørsmålet er om programstyret bør få eit samla ansvar ikkje berre for denne, men for heile lærarutdanningstilbodet ved IF (inkl. PPU, ENGMAU, KfK).

(2) Bør ansvaret for emneplanane for alle fagdidaktikk-emne flyttast til programstyret for lektorutdanninga/lærarutdanninga?

I dag har programstyra for disiplinfaga ansvaret for å vedta og endra emneplanar på alle fagspesifikke didaktikkemne. Bør dette endrast slik at programstyret for lektorutdanninga/lærarutdanninga får ansvaret for studieplanane for alle fagdidaktiske emne? Ei slik endring kan gjennomførast både med noverande ordning med programstyre for lektorutdanninga og med ei nyordning der programstyret får ansvaret for heile lærarutdanninga ved instituttet.

(3) Bør representasjonen endrast, slik at disiplinfaga får betre representasjon i programstyret for lektorutdanninga/lærarutdanninga?

Med dagens retningslinjer for programstyret for lektorutdanninga sit alle fast tilsette fagdidaktikarar ved instituttet i styret. Disiplinfaga er representerte med to medlemmar (dvs. ein frå engelsk og ein frå dei andre faga fransk/spansk/tysk). Ein alternativ modell kan vera at gruppa av representantar frå disiplinfaga blir utvida slik at programstyret har ein medlem frå kvart av faga som driv lærarutdanning (dvs. fire representantar til saman). Andre modellar kan sjølvstøttast òg tenkjast.

Spørsmålet om utvida representasjon frå disiplinfaga kan vera relevant sjølv om programstyret held fram som no med ansvar berre for den spesifikke lektorutdanninga.

Instituttleiinga vil be om at programstyra for engelsk, fransk, spansk språk og latinamerikastudium og tysk drøftar spørsmåla over og melder tilbake til instituttleiinga (v. arve.uthaug@uib.no) seinast 15. oktober 2025. Saka vil i neste omgang bli lagt fram til vedtak i instituttrådet 22. oktober.

Noverande retningslinjer for programstyra ved IF ligg her: [Retningslinjer og mandat for programstyra ved IF | Institutt for fremmedspråk | UiB](#)

28. august 2025

Martin Paulsen,
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef